



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
31.01.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/8749 330  
Dykkar referanse

Kommuneliste

## Tilskot til kommunalt vedlikehald på Sørlandet og Vestlandet

Stortinget vedtok 17.desember 2016 ved handsaminga av statsbudsjettet for 2017 eit øyremerkt tilskot til kommunar på Sørlandet og Vestlandet på kr. 650 mill. til vedlikehald og rehabilitering av vegar, bygg og anlegg som er eigde av kommunen, kommunalt føretak (KF) eller kyrkjeleg fellesråd. Tilskotet er gitt til kommunar med høgare arbeidsløyse enn landsgjennomsnittet.

Det blir vist til rundskriv H - 2391 av 10.februar 2017, med tilleggsinformasjon i brev av 21.mars 2017, frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) om vedlikehaldstilskotet. Det er for 2017 gitt til saman om lag kr. 131,4 mill. til kommunar i Hordaland.

Midlane må vere nytta på prosjekt som er sette i gang i 2017. Med sett i gang er meint at det er inngått kontrakt med entreprenør. Tilskotet må ha gått til kjøp av tenester og kan ikkje vere brukt på prosjekt som er utført av kommunen sine eigne etatar eller av kommunale føretak.

Tilskotet er avgrensa til vedlikehald og rehabilitering av eksisterande bygg, anlegg og vegar. Investeringar i nybygg/nyanlegg kan ikkje vere finansierte av tilskotet.

Vi vil be kommunen i ei tilbakemelding til fylkesmannen gjere kortfatta greie for korleis tilskotet er brukt.

I tillegg må det bli opplyst om føremålet (KOSTRA - funksjon) og år (utgiftsført i 2017 eller sett av på bunden fond per 01.01.2018, eventuelt ikkje brukt i samsvar med kriteria) for bruken av tilskotet. Vi legg ved eit eige skjema for det og ber kommunen fylle ut beløp i tilbakemeldinga til Fylkesmannen. Alle beløp er i kr. 1.000,-.

For dei kommunane som har fått overført ubrukt restbeløp frå 2016-tilskotet til 2017-tilskotet, må det også bli rapportert på bruken av overført beløp, i tillegg til sjølve tilskotet for 2017.

Rapportering og bruk av vedlikehaldstilskotet skal vere eksklusiv meirverdiavgift. Det er med andre ord berre kommunen sine netto utgifter (utan mva.) som skal bli teke med i rapportering og bruken av vedlikehaldstilskotet.

Revisor skal attestera at tilskotet er blitt brukt i samsvar med kriteria, jf. rundskriv H - 2391, eventuelt også opplysa kor stort beløp som må bli tilbakebetalt. Revisorattestasjon må følgje med tilbakemeldinga frå kommunen.

For kommunar der tilskotet utgjer mindre enn kr. 500.000,-, er det ikkje krav om revisor-attestasjon.

Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå kommunen innan torsdag 01.mars d.å.

Med helsing

Rune Fjeld

Håvard Rød  
seniorrådgjevar

Vedlegg: Skjema vedlikehaldstilskot 2017

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*